



Nynorsk mediesenter

Status per 18.12.2006



Nynorsk mediesenter er viktig for NRK



- Nynorsk mediesenter er selvsagt et instrument for NRK for å oppfylle våre forpliktelser overfor nynorsken. Senteret fremskaffer fremragende kandidater også for en mediebransje i rivende utvikling, og jeg vet at våre egne redaksjoner er glad for at vi får fatt i dem tidlig, seier kringkastingsjef John G. *Bernander*.

Til denne statusrapporten har vi utfordra nokre av toppleiarane i NRK til å seie kva dei meiner om Nynorsk mediesenter etter to års drift. Personaldirektør Siv *Farstad Olsen* er den næraste overordna for Nynorsk mediesenter. Ho sluttar i NRK ved nyttår og har likt å vere sjefen vår :

- Nynorsk mediesenter er et viktig instrument for NRK for å få frem gode nynorskjournalister! Det har vært en fornøyelse å ha ansvaret for senteret siden oppstarten i 2004. Det gir en ypperlig mulighet for unge journalistspirer til å utvikle seg innen trygge rammer, og ikke minst er dette en fin måte å fremme nynorsk på. Senteret er en god rekrutterings- og opplæringsmodell som bør kunne brukes også på andre viktige områder som for eksempel økningen av flerkulturelle i NRK



I siste "Kringom", medlemsbladet til Kringkastingsringen, har dei spurt tre leiarar i NRK om kva dei tykkjer om Nynorsk mediesenter. Radiosjef Øyvind *Vasaasen* seier han er nøgd med arbeidet til senteret, og at det medverkar til å sikre rekrutteringa av gode nynorskbrukarar til NRK.

Sjefen for NRK P3, Marius *Lillelien*, meiner senteret er viktig for NRK. – Fordi det er viktig for NRK både å halde oppe nynorsktilbodet og nynorsk som språk. Eg set pris på at senteret er med på å legge forholda til rette for meir nynorsk i NRK, seier Lillelien.

Tone *Berge* er redaksjonssjef for radio i NRK Hordaland og seier at dei nynorskpraktikantane ho har hatt i redaksjonen har vore flinke folk. – Dei er særleg solide og stø når det gjeld nynorsk, seier Berge.

Femte kullet reiseklart



Frå venstre: Bjarte Vik, Marianne Feste, Gøril Furu, Ingrid Hognaland og Vidar Eidhammer.

Til jul er det femte kullet ferdige med fire månaders opplæring i Førde og klare for ekstern praksis frå 3.januar til 2.mars 2007. Vidar Eidhammer skal til NRK Sporten, Marianne Feste til NRK Hordaland, Gøril Furu til redaksjonen for Osenbanden i P3 i Trondheim, Ingrid Hognaland til lokalkontoret til NRK Rogaland i Haugesund og Bjarte Vik i NRK Sogn og Fjordane.

Vidar Eidhammer :

- Nynorsk mediesenter er over all forventning. Eg visste ikkje heilt kva eg gjekk til då eg byrja her, men du verda kor godt me har det. Effektiv opplæring og god oppfølging er stikkord om opplegget. Det å bli "kasta rett ut på djupt vatn" kan nok høyrast skremmande ut, det gjorde det for meg. Men med så mykje flinke og omsorgsfulle folk rundt seg, kan det ikkje gå gale. Har du lyst til å sjå korleis journalistyrket virkar i praksis er Nynorsk mediesenter rette staden.

Marianne Feste :

- Nynorsk mediesenter er ein heilt unik stad å byrja ei journalistkarriere. Etter som tida har gått denne hausten, og den har gått fort, har det vorte meir og meir klart for meg at det er *dette* eg vil jobba med. Eg føler meg svært privilegerte som nærast får privatundervising i praktisk journalistikk. Gode lærarar på Nynorsk mediesenter, og flinke journalistar i NRK Sogn og Fjordane har gjort tida lærerik og inspirerande.

Gøril Furu :

- Det var med skrekkblanda fryd eg entra NRK-kontoret i Førde 4.september. Alt var ukjent, spennande, skummelt og utfordrande. Men når den verste klumpen i magen var borte steig nye tankar til overflata. Vi er kanskje Noregs mest privilegerte studentar. Du skal leite lenge for å finne ein betre skule og ei liknande oppfølging! Situasjonar som ville skremt vatnet av meg for berre eit halvår sidan har vorte greit. Og sjølv om eg har følt at vatnet har vore djupt av og til, så flyt eg framleis.

Ingrid Hognaland :

- Eg har aldri tidlegare lært og opplevd så mykje på så kort tid som eg har gjort ved Nynorsk mediesenter. Eg får prøve og feile, og får tilbakemeldingar på kva eg kunne ha gjort på ein annan måte, slik at eg lærer til ein annan gong. Eg vil absolutt anbefale andre som synest journalistyrket virkar kjekt om å søke til Nynorsk mediesenter. Her har me flinke lærarar og mange andre kjekke og talentfulle journalistar som me kan spørje om råd. Me får til og med besøk av gjesteforelesarar, som tek turen til Førde for å førelese berre for oss.

Bjarte Vik :

- Opphaldet her ved Nynorsk mediesenter har vore utruleg lærerikt. Eg har hatt den mest lærerike perioda i livet mitt. I tillegg har eg fått vere på eit kull med berre kjekke folk, ein flott gjeng. Å lære ved å gjere det er både effektivt og krevjande. Du må prestere og levere gode saker! Samstundes veks du og vert flinkare for kvar sak du lagar. Det er morosamt å sjå kor mange måtar ei sak kan løysast på, mangfaldet er stort! Det er berre kreativiteten som hindrar deg! Eg vil absolutt råde andre til å søke på stillinga som nynorskpraktikant. Nynorsk mediesenter er ei unik moglegheit, grip den!

Sjette kullet byrjar 3. januar 2007.

Desse fem jentene utgjer sjette kullet med nynorskpraktikantar. Frå venstre Yngvill Kolset Haga, 26 år, frå Verdal i Nord-Trøndelag, Gunhild Sølvberg, 28 år, frå Førde i Sogn og Fjordane, Mona Vetrhus, 31 år, frå Uskedalen i Hordaland, Inger Tveito, 21 år, frå Kviteseid i Telemark og Ragnhild Bjørge, 29 år, frå Klokkarvik i Hordaland.

Det var 46 søkjarar til sjette kullet då søknadsfristen gjekk ut 1.oktober.

Meir Internett



Internett blir ei stadig viktigare plattform å produsere nyhende på, både i tekst, lyd og bilete. Komande journalistar i radio og TV må difor rekne med å forholde seg til Internett i langt større grad enn tidlegare.

Dette må Nynorsk mediesenter ta omsyn til i undervisinga. Femte kullet var det første som fekk opplæring i nettjournalistikk i dei intensive første to månadene. Tidlegare har nettopplæringa skjedd "over bordet" i praksisperioden i NRK Sogn og Fjordane.

- Vi skal utvide nettopplæringa endå meir i 2007, i eit samarbeid med Institutt for Journalistikk, for å styrka kompetansen til praktikantane på dette området, seier faglærer Geirmund Henjum.

I tillegg til Henjum er dei to røynde fotografane Sissel Rikheim og Merete Husmo Høidal faglærarar ved Nynorsk mediesenter til sommaren 2007. Dei er vikarar for Randi Indrebø, som har mammapermisjon.

Sissel Rikheim arbeider elles som fotograf og redigerar i Program Riks i Bergen, Høidal har permisjon frå fotografjobben sin i NRK Sogn og Fjordane. Geirmund Henjum er den andre faglæraren.

Vi har framleis gjesteførelesarar attåt faglærarane. Dei faste førelesarane er direktør Ottar Grepstad ved Nynorsk kultursentrum, Jon Peder Vestad, nynorsk-konsulent i NRK og 1.amanuensis Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Desse tre gjev praktikantane innføring i nynorsk språkhistorie og praksis. Banksjef Arve Sandal i Sparebanken Sogn og Fjordane føreles om Sogn og Fjordane, der nynorskpraktikantane skal ta sine fyrste vaklande steg som journalistar.

I haust har Tore Andresen frå NRK Kompetanse førelese om TV-komentaren, Ingvild Bryn i Dagsrevyen om "Klar tale", Kari Sørbø i "Her og Nå" om "Den engasjerte journalisten", Jo Hjelle i NRK Hordaland om "Kvardagen som videojournalist", Tord Nedreid ved Institutt for journalistikk om "Nettjournalistikk", Odd Isungset frå TV2 og Pressens faglege utval om presse-etikk med utgangspunkt i aktuelle saker i PFU og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn, Kanal24, om "Journalistikken og språket i Kanal24".

Auka kursverksemda i "Munn og mæle"



I 2006 har vi hatt femten kurs om media og språk i regi av kursverksemda vår, "Munn og mæle". Det er kurset i medietrening som er mest etterspurt.

I haust har vi hyra Wenche Eikum (bilete) for å lage, selge og drive kurs og ho skal halde fram med det i 50 % stilling, førebels frå nyttår til 1.juni 2007. Dette for at vi skal kunne halde kurs jamt og ikkje måtte samordne dei med opplæringa av nynorskpraktikantar.

Wenche Eikum har lang røynsle som journalist i NRK Sogn og Fjordane, og ho har utdanning i norsk, historie, journalistikk og pedagogikk frå Høgskulen i Volda. I tillegg til å arbeide for "Munn og mæle" er ho medielærer ved Firda vidaregåande skule.

Pilot for beredskapskurs

Det er alt tinging fleire kurs i 2007 og dei vi har hatt kurs med tingar nye. I januar skal Wenche Eikum og Inge Kjell Holme prøve ut ein pilot med beredskapskurs for fire kommunar i slengen, i samarbeid med beredskapsavdelinga hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Dersom det vert vellukka vil fylkesmann Oddvar Flæte tilrå det for andre fylkesmenn som vil effektivisere beredskapsopplæringa med kommunane. Eikum og Holme sine rollar er å gje råd og trening i korleis ein handterer media i krisesituasjonar.

Medietrening mest populært

Det er kurset i medietrening vi sel mest av, men i tillegg har vi kurs i handtering av media i krisesituasjonar, presentasjon, skriving for Internett, god nynorsk, osb. Vi utviklar og nye kurs etterkvart som dei vert etterspurde. Kursa rettar seg både mot einskildpersonar, redaksjonar, organisasjonar og næringsliv. Vi skreddarsyr kursa, og held dei anten i lokala våre i Førde eller der oppdragsgjeveren ynskjer. Vi leiger inn kurshaldarar alt etter kva kurs det er snakk om.

Tilbakemeldingar

På nettsida www.nynorskmediesenter.no finn de meir om kursverksemda vår og tilbakemeldingar frå dei vi har hatt kurs for. Her er nokre slike frå hausten 2006:

Fylkesagronom Jorunn *Nesheim*, hjå **Fylkesmannen i Hordaland** :

- Takk for kjempeinteressant kurs i skriving for Internett. Her vert det mykje å prøve ut i tida framover.

Informasjonsrådgjevar hjå **Fylkesmannen i Sogn og Fjordane**, Anne-Gro *Fredheim* :

- Vi takkar for endå eit godt og lærerikt kurs i mediehandtering. Spesielt utbytte har vi av dei praktiske intervjuøvingane der vi får målt oss mot munnrappe og kvikke journalistar. Mange av oss har ei bratt læringskurve på slike kursdagar, men det gir oss tryggleik til å møte media i kvardagen.

Distriktssekretær Birgit *Stav* i **LO Stat Hordaland og Sogn og Fjordane** :

- LO Stat distriktskontor er svært fornøyd med kursopplegget ved Nynorsk mediesenter. Våre kursdeltakere gir mye ros til dyktige og profesjonelle kursledere, som har laget realistiske intervjuøvelser som både er krevende og engasjerende. Deltakerne setter stor pris på ærlige tilbakemeldingar fra kurslederne, og at de får mulighet for å forbedre seg gjennom flere intervjurunder. Takker igjen for et vellykket kurs, og ser fram til videre samarbeid i 2007.



Kvar vert nynorskpraktikantane av ?

Medrekna femte kullet har vi snart sendt frå oss 25 nynorskbrukande journalistar sidan starten hausten 2004. Svein Ove Hansli er den fyrste av dei som har fått fast arbeid i NRK, elles har dei måtta ut av NRK for å få det. Tyngda av dei tidlegare nynorskpraktikantane har heil- eller deltidsarbeid i NRK, som vikarar eller tilkallingsvikarar. Det er korkje bindingstid eller garanti om arbeid i NRK etter avslutta opplæring, og vi ynskjer å rekruttere journalistar også til andre medieverksemdar enn NRK.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006.



Frå venstre : Asgeir Reksnes, Bergit Sønstebø Svendseid, Erlend Blaalid Oldeide, Ingrid Aanestad og Øystein Windstad.

Asgeir Reksnes (1979) er vikar i NRK Sogn og Fjordane og arbeider ved lokalkontoret i Nordfjord.

Bergit Sønstebø Svendseid (1984) er tilsett som nettarbeidar i Kirkens Nødhjelp.

Erlend Blaalid Oldeide (1984) er vikar i NRK Nordland.

Ingrid Aanestad (1983) er tilkallingsvikar i kulturavdelinga i NRK P2 og student ved det nordiske forfattarstudiet ved Kunstakademiet i Gøteborg.

Øystein Windstad (1983) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Frå venstre : Håvard Hamnaberg, Karoline Kalstveit, Gisle Forland, Marita Haugo og Sølve Rydland.

Håvard Hamnaberg (1978) er fast tilsett som nettjournalist i Pointcarbon, som har ein nettstad for analyse og sal av Co2-kvotar. Der må han skrive engelsk.

Karoline Kalstveit (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer miljø- og ressursfag ved Universitetet i Bergen.

Gisle Forland (1981) er tilkallingsvikar i NRK Møre og Romsdal.

Marita Haugo (1982) er tilsett i 50 % vikariat som produsent i NRK i Drammen, der ho er tilkallingsvikar i tillegg. Ho har flytta heim til Hallingdal..

Sølve Rydland (1984) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer samanliknande politikk ved Universitetet i Bergen.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Frå venstre : Solveig Hareide, Eli Vaage, Ingebjørg Bø, Birte Njøsén Horne og Janne-Marit Myklebust

Solveig Hareide (1983) skal frå nyttår arbeide med barneprogrammet "Påskemorgon" i Tromsø. Ho vert programleiar påska 2007.

Eli Vaage (1984) er vikar i P3-nyhenda i Trondheim, som reporter, meldingslesar og vaksjef.

Ingebjørg Bø (1977) har mammapermisjon frå februar 2006.

Birte Njøsén Horne (1984) er vikar i Nitimen og ein av tre fleirmediale medarbeidarar i Frukost-fjernsynet frå nyttår.

Janne-Marit Myklebust (1981) fekk nyleg 3.mnd vikariat i NRK Møre og Romsdal, der ho har vore tilkallingsvikar frå i haust..

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Frå venstre :Eli Bjelland, Knut Åge Teigen, Svein Ove Hansli, Maria Rivedal og Inger Johanne Sæterbakk.

Eli Bjelland (1981) er vikar i NRK Dagsnytt, der ho er meldingslesar.

Knut Åge Teigen (1970) er fast tilsett i videoselskapet Snøball og GAN forlag. Han arbeider for tida med ei serie undervisningsfilmar om nynorsk som sidemål i grunnskulen, på oppdrag frå Utdanningsdepartementet : www.skoleipraksis.no

Svein Ove Hansli (1976) fekk nyleg fast tilsetning i NRK og arbeider i Dagsrevyen.

Maria Rivedal (1981) er vikar i NRK P3. Ho arbeider i redaksjonen for "Osenbanden" og med musikkflatene i kanalen.

Inger Johanne Sæterbakk, (1981) er vikar i NRK Troms og Finnmark, og arbeider ved lokalkontoret i Hammerfest.

"Stolt nynorsk"

er visjonen til Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode nynorskbrukande føredøme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreing av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio og fjernsyn.

Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie - og samfunnsdebatten.



"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk

språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere *dyktig* for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet. Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

Løvetanna



er bumerket til Nynorsk mediesenter. Det er grafisk designar Eva Hallaren i Gasta reklamebyrå som har laga både det og heile designprogrammet for Nynorsk mediesenter.

Slike statusrapportar som dette lagar vi tre-fire av i året. Vi sender dei til leiinga i NRK, til redaksjonar som tek mot praktikantar i praksis, journalistar, politikarar, nynorskrørsla og andre som spør etter korleis det går med oss. Du finn alle tidlegare rapportar på nettsida vår, under stikkordet "Statusrapportar".

POSTADRESSE:

Nynorsk mediesenter
Postboks 100
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

Nynorsk mediesenter
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2
6800 Førde

TELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nynorskmediesenter@nrk.no

NETT:

www.nynorskmediesenter.no

